

Vedlegg 4 - Innspel trafikksikringsplan Sveio kommune

Tabellen gir ei oversikt over alle innspel til trafikksikringsplanen. Alle skriftlege innspel er i heilskap tilgjengelege i kommunen.

Innspel frå	Innspel nr.	Stad	Status	Tiltak forslag	Tiltak-Nr. / Kommenterar
Innspel til kommunen frå deltakar på Sveio-marknaden	1	Førde-Ekrene	Dårleg vedlikehald, særleg på G/S-vegen	Betra vedlikehald	Drift og vedlikehald, ikkje prioritert som tiltak i TS-planen
Rophus velforening	2	Rophusvegen Fylkesveg 47	Rophusvegen har dårleg standard, få parti der to bilar kan møtast, primært barnefamiljar som er busett, Ekrene barnehage nyttar vegen dagleg, truleg aukande trafikk framover, skuleveg, mange uoversiktlege blindsoner		62
			Snuplassen på Rophus er for liten til at t.d. bussar kan snu. Strømboks hindrar god sikt sørover.		67
			Gnr 73/Bnr 9: Uoversiktleig sving pga brakker og metallgjerde. Vegen mellom eigedomen og Rophus snuplass er holete og smal.	Flytta brakke på gnr 73/bnr 9	62
			Sving ved veikryss til Rophusvegen 42 og 44: Fartsgrense på 30 km/t vert sjeldan overholdt, smal vegbreidde.		62
			Vegstrekning langs gnr (?) til Rophusvegen 42 og 44: Smal veg (3,45 meter). Vanskeleg med passering av to bilar		62
			Sving ved Rophusvegen 28: Svært uoversiktleig, dårleg asfalt bratt terreng og fare for utforkøyring ved glatt føre.		62
			Ekrene natur- og gårdsbarnehage: Avkøyningane er uoversiktleige både frå fylkesveg og frå Rophusfeltet. Barn frå denne og Solkroken barnehage går langs vegen. Ikkje mogleg med passering av to bilar (3,65 og 3,85 m).		62
			Smal bru etter avkøyning frå Fylkesveg 47. Mykje vegetasjon og ingen moglegheit for møtande trafikk. Fare for fall over to meter ned i stri bekk for barn, pga manglande sikring.		62
			Avkøyning Fv 47: Farleg for mjuke trafikantar som skal kryssa Fv 47 eller stiga av/på bussholdeplassen Ekrene sør. Fartsgrense på 60 km/t vert sjeldan overholdt	80-sona var under bygging av avkøyning til Ekrene industrifelt 60 km/t, og burde vore flytta nord for avkøyning til Gullvegen (Rv 541) Overgangsfelt ved bussholdeplassen Ekrene sør.	62
Cato Helgesen	3	Nordbø, utkøyning frå Sletto hyttefelt / Fv541	Fleire nestenulukker, trafikkbiletet er vesentleg endra etter utbygging av hyttefelt.	Kraftig reduksjon frå dagens fartsgrense på 80 km/t.	Ikkje prioritert som tiltak i TS-planen, oversiktleig, god sikt, lite trafikk (ÅDT250)
Geir og Torun Waaktaar	4	Rv 47 frå Lindøykrysset - n. avkøyning Tveit	Manglar G/S-veg, ikkje plass til gåande/syklende på vegskuldrene. Smal og farleg, god standard på vegen sør og nord for krysset, difor held trafikken høg hastigheit Mange ulukker (3 dødsulukker siste 15 år)	Opparbeide G/S-veg Bygga ut vegen Straktiltak: Fartsgrense redusert til 60 km/t	30
FM i Hordaland	5		Ingen konkrete innspel		-
Helga Ananda Bjelland	6	Riksveg 47, Sveio-Haukås	Det er ingen anvisning om fart mellom Ekrene (der det er oppheving av 60-km sone) til ein køyrer ut på E-39, Haukås, der det er 60-km. Uklart kva fartsgrensa er. På strekninga E-39 til andre avkøyning til Sveio sentrum er det fleire farlege, uoversiktleige avkøyningar (fleire døme).	Ønske om fartsreduksjon på riksveg 47, på strekninga frå første avkøyning til Sveio sentrum til ankomst E-39, Haukås.	Ikkje prioritert som tiltak, oversiktleig, god vegstandard, god sikt, lite trafikk på avkjørslene
			Køyrefelt og sykkel-/gangsti er svært mørkt	Ønske om gatelys.	35
Arild Helland	7	Mølstrevåg, nord for Ølen Betong AS	Vegen frå snuplassen i Mølstrevåg mot avkøyrseil til Ryvarden er i praksis eit anleggsområde.	Vegen bør utvidast (?), og GS-veg opprettast for å sikra ferdsel for skuleborn og turistar til Ryvarden.	52
Arild Helland	8	Ekrene - Mølstrevåg, Fv541	Vegen er ikkje tilfredsstillande i forhold til betydeleg auke i tungtransport til og frå fabrikk til Ølen Betong AS i Mølstrevåg.	Vegen bør utvidast betydeleg, dei styggaste svingane rettast ut, og det bør opprettast GS-veg i området rundt Vikse skule.	40
Haukås, Tveita og Nesse velforening	9	Nordre Tveitaveg (200 m nord for bensinstasjonen på Haukås)	Uoversiktleig for mjuke og harde trafikantar ved kryssing av E39 i nordgåande køyreretning når ein står i busskur.	Lys ved busskur på begge sider av vegen. Forlenging av 60-sona til 200 meter forbi Nordre Tveitaveg. Sprengje vekk bergnabbe på nordgåande retning ved busskuret.	3
		Haukås bensinstasjon	Dårleg lys på den andre sida av bensinstasjonen, gir dårleg sikt ved kryssing av E39 ved 2 stk busskur.	Lys på den andre sida av vegen for Haukås bensinstasjon	3

		Haukås-krysset (mellom E39 og Fv47)	Farleg kryss, stor fare for nye dødsulukker.	Oppretthalde stoppskilt Oppretthalde 60-sona	Ingen nye tiltaksforslag
Evy Svanberg Jakobsen	10	Eidsvågvegen, Valevåg	Vegen blir i dag brukt av for tunge og for lange køyretøy, og blir brukt som gjennomkøyringsveg	Trafikken på vegen bør regulerast vha skilting med «gjennomkøyring forbudt».	66
Leif Tore Haukås	11	Gullvegen Fv 541	Skarp sving nord for Gullvegen 497 på Mølstre. Fjellknaus på vestsida som hindrar all sikt. 80-sona med mykje tungtrafikk til industrien i Mølstrevåg og ferja i Buavåg.	Fjellknaus i svingen må sprengast vekk for å gi god nok sikt, og vegskulder bør planerast slik at sørgående bilar har høve til å vike til sida.	43
Leif Tore Haukås	12	Mølstrevåg. Kommunal veg i enden av Fv 2	Smal veg med fjellvegg på nordsida og loddrett stup ned til Ølen Betong si tomt på sørsida. Vegen er tatt i bruk som ein del av industriområdet. Det er ikkje lys langs vegen, men står sterke lyskastarar på miksestasjonen som blender både bilar, fotgjengarar og førarar av anleggsmaskinar.	-Det må leggast slange frå bulktankane slik at vogntog kan parkera på Ølen Betong sin eigedom når dei leverer sement. -Påfyll av miksestasjon. Påfyll må flyttast ned til Ølen betong sitt område. -Lyskastarar som blender må snuast vekk frå veg. På sikt bør det lagast gangveg frå parkering fram til vegen ut mot Ryvarden	52
John Rønnevik Ivan Jørpeland	13	Løkjevegen mellom Sveiogata og Tjernagelvegen	Der vegen går til Frønsdalstunet ved Sveio bedehus er det ein fjellnabbe som står i svingen. Denne hindrar ein i å sjå møtande trafikk både når ein kjem frå Sveiogata, Tjernagelvegen og skal inn til Frønsdalstunet.	Fjerning av fjellnabbe. Fjerning av tre og kratt.	48
Eldrid Veia Fiskaaen	14	Krossleite, Fv47	Krysset ved avkøyrseleien til Krossleite når ein kjem frå Sveio er svært farleg. Trafikken har auka, slik at ein nesten alltid treff på bilar som skal mot Sveio, slik at ein får full stopp.	Ved å utvida vegskuldera litt (innkøyringsfelt) vil ein unngå at bilar som kjem bakfrå slepp å stoppa.	38
Pinsemenigheten Filadelfia, Auklandshamn	15	Fv6	Både Fv6 og det kommunale vegnettet er smalt og farleg for mjuke trafikantar. Mykje av problemet er dårleg sikt både langs fylkesvegen og kommunale vegar, ikkje minst i krysset mellom Fv6 og E39 ved Rød	Arbeidet med veglys langs Fv6 og kommunale vegar må halda fram. Må innan kort tid ha veglys på heile strekninga Lien-Fagerlandskrysset. Omfattande hogst av buskar og tre langs vegane. Nedsett fartsgrense påFv6 frå Fagerlandskrysset til Lien/Tjernagel og på alle andre kommunale vegar innanfor Auklandshamn skulekrins.	4, 18, 19, 20, 21
Auklandshamn bygdelag v/Gerd Jorunn Christensen	16	Fv 6 frå Rød til Tjernagel og vegnettet innanfor Auklandshamn skulekrins	Fylkesvegen er svært smal og har altfor dårleg standard. Farleg kryss mellom E39 og Fv6 på Rød. Dårleg sikt.	Oppgradera standard på fylkesvegen. Avkøyringsfelt i begge retningar i krysset ved Rød Veglys må vidareførast i alle fall til Fagerlandskrysset, og gjerne til Lien-krysset i andre retninga. Hogst ved Rødkrysset og kommunale vegar. 60-km sona må forlengast frå Øklandsnes til Lien-krysset eller Tjernagel.	4, 18, 19, 20, 21
Heidi Nilsen Ljøen	17	Øklandsvegen, frå Sætre tom ytre Lio	Aukande trafikk, mykje tungtransport. Smal og svingete veg, mange stader svært uoversikteleg. Skuleveg Ikkje gatelyst på fleire lange strekningar	Bør klassifiserast som farleg skuleveg, Setja ned fartsgrensa til 50 km/t Gatelyst Sage ned tre og buskar Spreng bort fjell som sperrar for utsyn i avkøyrslar	19
Astrid Karin og Hans Ole Strand	18	Frå Liervegen til Førde skule Skulevegar Fri skyss	Kommuneveg 17 er utan lys og utan autovern. Smal veg langs to vatn. Fartsgrense 80 km/t. Utrygg veg Fv1: Krapp sving ved skytebanen, svært trangt, svært uoversikteleg. Farleg sving. Ikkje lys. Fartsgrense 80 km/t Kryss Fv1/Førde. Smal veg, mykje trafikk, ikkje GS-veg.	Gi elevane skuleskyss frå 1.-10. klasse. Vegane bør klassifiserast som farlege.	15, 16
Bua barnehage v/dagleg leiar Dagnor Engenes	19	Tjernagelvegen 713/Fylkesveg 6	Bua barnehage held til i Skulehuset på Bua. Det er i dag 50-sona på strekninga.	Redusera fartsgrensa til 40 km/t kombinert med bygging av fartshumpar (referanse til tilsvarande tiltak: Fv 541 ved Vikse skule).	20
Solgry ungdoms- og misjonssenter	20	Moldbrekkevegen, Rød	Vegen består av grus, og det vert stadig hol og ujamn vegbane. Om vinteren kan telehiv skapa farlege situasjonar.	Asfaltering av Moldbrekkevegen 1 km inn frå hovudvegen.	63
Solheim og Lauvneset vel	21	Ny avkøyring til Solheim/Lauvneset	All trafikk som skal til Solheim og Lauvneset må køyre på smal og uoversiktleg Myklavollveg	Ny av/påkøyring til felta Solheimslie og Lauvneset. Ny innkøyring ved Solheim 1 og 3 til gamal grusveg vis-a-vis Førde samfunnshus. Fartsgrense 40 km/t frå Ervekrysset til Førde kyrkje	1

				Utbedring av kryss ned til Lauvneset, fartshump i bakke ned til Lauvneset, fartshump ved trafostasjon.	
Svein Magne, Mona og Sigmund Eikemo m/familiar	22	Kryss mellom Fv47 - Sveio sentrum-Solstadveg	Fartsgrense på Fv 47 er 80 km/t, mykje biltrafikk, ingen gode krysningspunkt for skuleelevar som bur i Solstadvegen. G/S-veg stoppar oppe i veg til Sveio sentrum. Mange ulukker	G/S-sti må forlengast heilt ned til kryss, undergang for mjuke trafikantar under Fv47. Nytt kryss med av/påkøyringsfelt. Det må etablerast busslommer, og fortsatt gatelys.	Utbedring av krysset (Vegvesenet har starta ein prosess her)
NN	23	Vegen frå FV6 (Sveio) opp til innkøyrse Fjellstad/Paddevegen	Dette er ein bakke opp mot bustadfelt. Rett strekning som innbyr til fart - både av bilistar og syklistar. Farlege situasjonar når barn kjem på sykkel	Vegstrekinga må sikrast, fartsgrensa må ned, og fartshumpar må leggest ut i veggen i bakken, òg rett etter innkøyrse til Fjellstad	65
Anna Tokheim -og Sverre Bøen	24	Fv 1 frå E39 ned mot settefiskanlegget på Fjon	Vegen er smal og uoversiktleg både for gåande og køyrande, større køyretøy som skal til anlegget samt andre bilar til eigedommar/hytter	Ein sving nedanfor Aslaug N. Takvram sin fritidseigedom burde blitt utbetra mht trafikktryggleik.	17
Lars O. Hovda	25	Gullvegen/Fv 541	Vegstrekingen går gjennom bebygde område og med barn leikande ved/langs veggen. Strekingen kan, med noverande manglande skilting av fartsgrenser tolkast som 80-sone. Vegbreidda er ned mot 2,9 meter.	Redusera fartsgrensa til 50 km/t.	40, 42, 43, 44, 45, 47
Gjertrud Marte og Vigleik Aronsen	26	Ålfjordvegen (Fv1) Liervegen (Kv17)	Begge vegane må kunne klassifiserast som «særleg farlege» eller «vanskelege».	Vegen bør utbetrast mange stader. Elevane bør få rett til skuleskyss frå 1.-10. klasse uavhengig av om veggen er rekna som lang nok.	18
Indre Ålfjorden Vel	27	Ålfjordvegen Fjon-Våga (Fv1)	Hytteområde med mange fotgjengarar i sommarhalvåret. Autovern gir smal veg. Fare for folk og syklistar langs veggen. Mange barn, 60-sone.	Reduksjon til 50-sone	18
Tor Røkenes	28	Ålfjordvegen	Vegen er smal, utan G/S-veg, utan lys, utan fartsgrense og skilt.	Utbedring av veggen. Rett til skuleskyss.	18
FAU v/Førde skule	29	Haukås bensinstasjon E39	Trafikkfarleg veg for skulebarn	Overgang frå gangsti til Haukås bensinstasjon Gatelys	3
		Tveita Nord E39	Fare for påkøyrse bakfrå i krysset. Busstopp for skulebarn i 80-sone. Fare for forbikøyring ved oppheva 60-sone Lite gatelys	Flytte 60-sona til nordsida av Tveitakrysset Gatelys Forbikøyring forbudt	3
		Ålfjordvegen - Fv1 Liervegen - Kv17	Vegen er smal, utan G/S-veg, utan trafikklys, 80-sone. Trafikken har auka. Ueigna som skuleveg. Særleg svingane ved skytebanen er smale	Utbedring av veggen Ny vurdering - vil ha rett til fri skyss 1.-10. klasse. Lågare fartsgrense Ålfjordvegen	15, 16
		Førde, langs E39, ned til Førde sentrum	Gangfelt som ikkje er merka med striper og skilt.	Kvite gangfeltstriper og skiltmerking	12
		Avkøyrse til Førde sentrum frå E39	Manglande markering av gangfelt	Kvite gangfeltstriper og skiltmerking	12
		E39 ved nedre Tabor Busslomme Vollsvikvn	Elevar som skal kryssa veg på vei heim, høg fart, hyppige forbikøyringar, auka trafikk + tungtrafikk. Utrygg skuleveg, farleg på- og avkøyrse til E39.	Ombygging av E39 forbi Førde. Endra på rutinar for kor elevar blir slept av bussen. Midtdelar, for å hindra forbikøyringar.	Ikkje prioritert som tiltak i TS-planen, liten sjanse for realisering.
		Førde Lauvneset og Solheimslia	Dagleg anleggstraftikk på ein liten sideveg i byggefeltet Lauvneset. Tilkøyring av grus og bark til Rex Garden.	Flytte alle anleggsmaskiner til nedre del av Lauvneset. Gangfelt på byggefeltet for barn til og frå skulen. Ikkje anleggsgrasje på tomt regulert til bustad. Opphøgd G/S-veg langs heile Lauvneset og Solheimslia.	Ikkje prioritert som tiltak i TS-planen
Sveio bygdekvinnelag	30	Rophuskrysset Rophusvegen Fv47	Skulebarn som går av og på bussen skapar farlege situasjonar	Rophusvegen må opprustast slik at bussen kan køyre til Rophus.	62
		Rødkrysset E39	Uoversiktleg, farleg å koma inn på veggen frå Auklandshamn	Fjerne vegetasjon	4
		Frå Steinbruddet til Tveitvegen, Fv47	For smalt for syklistar	Samanhengande G/S-veg	31
Spretten 4H	31	Vågedalen Straumavegen Vikse skulekrets	Vågedalen: Smal veg, ingen lyktestolpar, uoversiktleg skuleveg Straumavegen: Smal/svingete veg, uoversiktleg, ingen lyktestolpar, skuleveg	Lyktestolpar G/S-veg som vist på kommuneplanen	51
Førde kvinne- og familielag	32	Førde	E39 ved Hanaleitet - ingen overgang for gåande. Fotgjengarovergang over veggen til sentrum ved E39 manglar. 80-sone frå E39 mot Myklavoll	Fotgjengarovergang frå industriområdet på Hanaleitet til gangveg. Fotgjengarovergang over veggen ned til sentrum i Førde heilt oppe ved E39. Nedsatt fart på Fv1 frå E39 til kyrkja.	Ikkje prioritert som tiltak i TS-planen, liten sjanse for realisering

Iselin Møller Hegre	33	Kryss mellom Solstadvegen og Sveio sentrum (Fv47)	Uoversiktleg 80-sone. Umulig for fotgjengarar å kryssa hovudveg på ein fornuftig måte. Ingen sti å gå på langs hovudveg.	Redusera fartsgrensa betrakteleg. Laga god sti/veg langs hovudveg, for å koma over til sykkelsti. Laga bru eller undergang der ein kjem over til sykkelsti. Laga fotgjengarfelt som går over til sykkelsti.	Utbetring av krysset (Vegvesenet har starta ein prosess her)
Førde bygdalag v/Jarle Pedersen	34	Hanabrekko - Rødspollen	Dette er ein svært farleg strekning å gå/sykle på i dag. Med sterkt aukande trafikk langs E39 er det neste uforvarleg å bevega seg her.	Ny G/S-veg langs E39	2
Thomas Førde	35	Ålfjordvegen/Myklevollvegen i Førde (Fv1)	Stor og aukande trafikk, på ein smal, svingete og lite oversiktleg veg.	Skilting med låg fartsgrense frå avkøyringa ved E39 inn på Fv1. Trafikken til og frå Solheim/Lauvneset bør i framtida koplast til E39 via eit nytt vegkryss nord for kyrkja.	15, 16
Pederstunet velforening	36	Sveiogata	Innkørselen til Pederstunet går rett ut i Sveiogata, utan at det er gangsti på «vår» side av vegen. Det er heller ikkje fotgjengarfelt. Bilar køyrer relativt fort mellom skulen og innkørselen, ingen fartshumpar	Ønskjer forslag til gode løysingar slik at det vert trygt å ferdast for dei mjuke trafikantane som kjem frå Pederstunet i framtida.	22, 23
Kystlandskapsparken i Sveio v/Jostein Førland	37	Gullvegen (Fv 541) Skålaskog-Mølstre	80-sone på den kanskje mest svingete og uoversiktlege delen av Gullvegen. Fleire ulukker. Strekninga har redusert fartsgrense både før og etter.	Redusere fartsgrensa tilsvarende tilstøtande strekningar.	40
		Kryss Rød/E39	Dårleg sikt mot sør for utkomande køyretøy	Ombygging av kryss	4
Arne Tveit Katla	38	Krysset ved gamle gravplassen på Fv6.	Barn og unge frå Krossleite, Fjellstad, Gjermunds-haugen og Fjellveien må kryssa vegen. Uoversiktleg kryss, mykje trafikk, mange held høg fart.	Gangbru eller undergang, evt fotgjengarovergang	24
Vestre Kringsjø Velforening/Håvard Nesse	39	Sveiogata/Leitevegen	Det manglar fotgjengerfelt over Sveiogata når ein kjem frå Leitevegen. Kryssinga av Sveiogata er mykje brukt; spesielt av skuleborn	Ønskjer at vegen vert merka og skilt sett opp.	22, 23
FAU ved Sveio skule	40	Skuleveg/Fv6	Mange må krysse vegen som går gjennom sentrum (Fv6) for å kome til G/S-veg. Berre ein godkjent fotgjengarovergang. Stort sett berre G/S-vegar på eine sida av vegen.	Fleire fotgjengarovergangar: 1 Ved gravplassen nedanfor Fjellstad, før avkøyring til sentrum 2 Ved kyrkja 3 Ved butikkane 4 Ved Leitevegen 5 Ved G/S-veg frå Bjelland Redusert fart (40 km/t) for heile Sveiogata, 30 km/t gjennom sentrum (frå kyrkja forbi skulen) Fleire fartshumpar, særleg rundt Sveio skule	22, 23
FAU ved Sveio skule - skuleskyss	41	Skuleskyss NOBINA/SKYSS	Bussjåførar pratar i mobiltelefon, bussane køyrer fort inn på busstoppa, sjåførar som kjeftar på elevar, skuleskyss vert avlyst dersom det er glatte vegar, m.m.		Ikkje tiltak TS-planen, må løysast på andre måtar.
Kjell Gunnar Nymark	42	Sveio sentrum - Liavegen	Denne G/S-vegen blir mykje brukt. I mørketida er strekninga farleg pga blanding frå biltrafikken langs Fv47.	Veglys Gangfelt der G/S-vegen kryssar vegen inn til Sveio sentrum Nedsett fartsgrense og forbikøyring forbode langs avkøyringane til sidevegane på Bjelland	35
Vidar Høyland	43	Liareid-vegen ved Bøtjørn på Lindås (Fv 8)	Pga uoversiktleg vegstrekning må ein rygge langt når ein møter annan trafikk.	Møtelomme ved Bøtjørn, samt utvide og rette av vegen som er merka 90 meter på kartet.	25, 26
FAU og SU på Valestrand oppvekstsenter	44		Vegen frå krysset ved Fartein Valen-huset opp til skulen er smal og uoversiktleg. Det er ein del tungtransport på vegen.	Det bør opprettast G/S-veg eller fortau	27
			Hjørnet ved avkøyring til Einstapevoll gard må sikrast betre. Ein bil køyrde av vegen, gjennom gjerdet og hamna midt på uteområdet til barnehagen. Sandkassen til barnehagen ligg like nedanføre dette hjørnet.	Sikring av hjørnet. Det er sett opp kulvert langs gjerdet til barnehagen, men hjørnet er framleis ikkje sikra.	28
			Det er få parkeringsplassar knytt til oppvekstsenteret. Når det er få plassar må tilsette og foreldre parkera langs vegen. Dette skapar uoversiktlege og farlege situasjonar i trafikken.	Det bør opprettast fleire parkeringsplassar til oppvekstsenteret.	Ikkje eit prioritert tiltak i TS-planen

Sveio Kommune	K1	Fv9 Tittelsnes	Manglande sikring av vegen på støttemuren mot elva		29
Sveio Kommune	K2	Fv47/Fv6 Kryss til Sveio nord	Manglar av- og påkjøringsfiler		Utbetring av krysset (Vegvesenet har starta ein prosess her)
Sveio Kommune	K3	E39, sør frå Førde	Manglar GS-veg mellom Hanaleite og Rødpollen		2
Sveio Kommune	K4	Løkjavegen, Sveio (sveio-sentrum - Omsorgsboliger	Vegen er for smal og uoversiktleg		48
Sveio Kommune	K5	Fv47, Kvednaneset - Tveitvegen	Manglar GS-veg		30, 31
Sveio Kommune	K6	E39, Kryss Håvardholm	Manglar av- eller påkjøring		6
Sveio Kommune	K7	E39, Avkjørsel Liereid	Manglar avkjøring sør-øst		7
Sveio Kommune	K8	E39, Akjørsel Vihovdavegen, sør	Dårleg sikt, sperring eller ombygging		8
Sveio Kommune	K9	Fv47, Kryss Krossleite			38
Sveio Kommune	K10	E39, Kryss Rød/Solgry	Siktsoner, avkjøringar		4
Sveio Kommune	KV11	Børgavegen Tittelsnes	Manglar rekkverk og høgare mur		68